

di side

■ **LESARANE SI SIDE:** Send oss tekst og bilde frå ei hending eller eit møte i ditt lag eller organisasjon. Vi opnar også opp for alle som vil presentere ein omtale av ein jubilant, eit dikt, bilde eller ei teikning. Tekstane bør ikkje vere over 300 ord. Send til oss på epost redaksjon@firdaposten.no, eller per post til Firdaposten, boks 38, 6900 FLORØ. Merk sendinga med «Di side». Bilda blir returnerte.



RYDDING: Ryddinga av tang og tare gjekk lett som ein lek med skikkeleg Ullaland-svans på traktoren.

Har løyst tang- problemet på Sørstrand

FLORØ: Utfordringa med tang som samlar seg opp på den nye bade-plassen på Sørstrand er no løyst.

Fleire tonn med tang som samlar seg opp kvar vinter har vore ei utfordring å få løyst. Men med Sørstrand Folkepark sin egen traktor, og ein høysvans lånt av Trygve Ullaland vart det lett å rydde opp, fortel Magne Hovland. Dessutan er varmestova komen opp.

- Vi får sjå etterkvart på bruksområde og opningstider. Elles ser det ut som eit anleggsområde her no, men vi reknar med at vi har eit fint grøntområde klart til sommaren, seier han.

Elles så er det planlagt årsmøte i Sørstrand Folkepark mandag 28. mars 2011 i kafeen på Kystmuseet.

Alle medlemmar er hjarteleg velkomne til å delta i forhandlingane. Det blir enkel servering.

Årsmøtesaker: Godkjenning av årsmelding og regnskap for 2010, planar og prioriteringar for

2011, innkomne saker, val.

Magne Hovland og Øyvind Gjengeseeth har saman med andre i vel eit år drive med rydding av marker, sett opp leikeplassar, rydda skog og opna stiar. Dei har laga benkar og grillplassar m.m. Avinor har sponsa 4 parkbenkar som dei har satt ut. Vidare planar er å bygge små vegar slik at eldre, rullestolbrukarar og andre skal kunne ta seg fram i landskapet.

Planen deira er å jobbe kontinuerlig med utvikling og pleiing av området i



VARMEHYTTE: Ei varmehytte er no sett opp på Sørstrand.

åra framover. Arbeidet vert planlagt i samarbeid med Avinor og Flora kommune v/Vidar Vårdal.

Ei badestrand ville være

ein flott inspirasjon for det vidare arbeidet og auke bruken og nytteverdien av heile området.

Miniatyr 2011

Fylkesstemne Miniatyr 2011, Nesse SKL den 5. - 6. mars 2011:

(Utdrag av nokre av klassane)

Mesterskap:

Klasse 3-5: 1. Lars Halvard Ese, Balestrand 244, 2. Marianne Stigen, Leikanger 243, 3. Lars Elling Haugsvær, Oppedal/Brekke 243, 4. Hallgeir Aalvik, Florø 241, 5. Lars Magnus Neverdal, Nyborg 240, 6. Eivind Yttri, Leikanger 240, 7. Jens Raunehaug, Sogndal 239, 8. Benedikte Eide Ljoen, Leikanger 239, 9. Rune Vikoren, Farnes 238, 13. Erling Melvær, Florø 237, 18. Reidun Kristin Knapstad, Florø 236,

Hovedskyting:

Klasse V65: 1. Kristen Lotsberg, Nordbygda 247, 2. Magnar Molland, Sogndal 246, 3. Oddvar Refsnes, Dale (Sunnfjord) 245, 4. Ola Sørdal, Florø 245, 5. Harry Porten, Hyllestad 245, 6. Kåre Olav Skår, Vadheim 241, 7. Gulleik Vigdal, Fjordane 235, 8. Reidar Sæle, Nesse 234

Klasse V73: 1. Norvald Husetuft, Holsen 242, 2. Ragnar Husabo, Leikanger 240, 3. Frits Norevik, Vadheim 238, 4. Jens Ligtvor, Balestrand 236, 5. Bjarne Haugnes, Florø 235, 6. Audun Skorpa, Florø 226

Klasse 2: 1. Jo Helge Baarøy, Nyborg 243, 2. Hans J Bjørkum, Tønjum 242, 3. Oddny Erene Refsnes, Dale (Sunnfjord) 242, 4. Thomas Sørffjord, Florø 241, 5. Jon Eggum, Nyborg 241, 6. Gunnar Brevik, Tønjum 240, 7. Else Menes, Nesse 240, 8. Stian Fagerlund, Tønjum 239, 9. Asle Dulsvik, Sogndal 239, 10. Bjørn Ingvar Oppedal, Oppedal/Brekke 237,

Klasse 5: 1. Lars Halvard Ese, Balestrand 244, 2. Marianne Stigen, Leikanger 243, 3. Lars Elling Haugsvær, Oppedal/Brekke 243, 4. Hallgeir Aalvik, Florø 241, 5. Eivind Yttri, Leikanger 240, 6. Svein Kåre Furre, Leikanger 238, 7. Arve Halsteinlid, Haugen 238, 8. Herman Erdal, Førde 237, 9. Erling Melvær, Florø 237, 10. Bernt Tore Inderøy, Hyllestad 236, 11. Ove Sunde, Dale (Sunnfjord) 236, 12. Morten Kvam, Hafslø 236, 13. Roger Nesheim, Eidsbygda 236, 14. Reidun Kristin Knapstad, Florø 236,

Klasse V55: 1. Oddvar Råsberg, Nesse 246, 2. Ola Lone-land, Dale (sunnfjord) 246, 3. Bjarne Sandvik, Knipenborg 245, 3. Reidar Hestetun, Hafslø 245, 5. Arvid Skjerven, Hafslø 245, 6. Jon Magnar Gjerland, Holsen 245, 7. Harald Koldingsnes, Nesse 245, 8. Arvid Brennset, Leikanger 244, 9. Terje Alværvik, Gaular 243, 10. Per Atle Fredheim, Hafslø 242, 11. Hall Midtun, Gula 242, 12. Roy Haastad, Gaular 241, 13. Sigurd Eggum, Nyborg 240, 14. Johannes Kjosnes, Jølster 239, 15. Harry Gram, Førde 237, 16. Gunnar Sværen, Balestrand 228

DER OG DÅ Torvmyrane skule den 11. mars



11.03.11
(foto: A.B.H)

Denne dagen var det Innføringsklassen på Torvmyrane skule som hadde program i Fugleberget. Elevane song, las dikt og framførte eventyret om Bukkane Bruse. Her ser vi elevar framføre songen «Hode, skulder, kne og tå». Frå venstre ser vi Mark, Rumen, Milkias, Nivea, Mikal, Pavel, Shara, Angelika og Andromeda.

SKADE PÅ BILEN?

Lakk- og karosseriskade

Frontruteskift og reparasjon

Service og reparasjon av klima-anlegg



Vi reparerer alle bilmerke. Ta kontakt med eitt av våre anlegg.

Berge & Co AS

Førde 24 03 18 04 - Florø 57 74 22 40 - Sogndal 57 67 57 00
Stryn 57 87 26 00 - Måløy 57 84 80 08
www.berge.no